


Vår saksbehandlar:
Kristian GrutleDirekte telefonnr.:
53 42 30 63Vår dato:
16.11.2006
Dykkar dato:
24.04.2006Vår referanse:
2006/1325-20021301/2006
Dykkar referanse:
2006/2706 Ki*
Det Kgl. Kultur- og kyrkjedepartement
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
***NOU 2006: 2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA**

Bømlo kommunestyre har i møte 13.11.06 vedteke følgjande høyringsvar:

1. Bømlo kommune vil på noverande tidspunkt rå frå at banda mellom staten og Den norske folkekyrkja vert rivne av.
2. Kommunen går likevel inn for reformer i statskyrkjemodellen, slik at kyrkja sine egne organ får meir ansvar og avgjerdsrett. Kommunen viser her til følgjande svar på motteke spørjeskjema:

1. Kva overordna prinsipp bør liggja til grunn for trus- og livssynspolitikken?

Den kristne kulturarva er innvevd i vår nasjon si historie. Denne kulturarva er ikkje berre Kyrkja sitt ansvar å vidareformidle. Også stat og kommune har eit ansvar for den kristne kulturarven. Staten bør derfor føra ein aktiv og støttande livssyns- politikk.

Trus- og livssyns- politikk bør vera jamstelte og ha full sjølvråderett i spørsmål som gjeld leiarskap og lære. Den norske Kyrkja er ikkje berre ein institusjon, der er eit trus- og livssynssamfunn. Kyrkja bør velja sine egne leiarar. I det ligg det og å velja sine egne biskopar.

2. Den norske Kyrkja som statskyrkje?

Bør halda fram

3. I kva lov bør Den norske Kyrkja være forankra?

Grunnlova

4. Korleis bør Den norske Kyrkje finansierast?

Offentleg finansiering utan medlemsavgift

5. Korleis bør valordningane og demokratiet vera dersom statskyrkjeordninga avviklas?

Auka bruken av direkteval til Kyrkja sine vedtakande organ.

6. **Dersom statskyrkjeordninga vert avvikla, kva bør i så fall stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?**
Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
7. **Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga?**
Den lokale kyrkja (sokneråd eller kyrkjeleg felleståd)
8. **Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga?**
Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret


Kommunestyret sitt vedtak vart gjort mot ei røyst (vedtaka om svara på departementet sine spørsmål vart likevel gjort samrøystes).

Ettersom svara på dei åtte spørsmåla går fram direkte av kommunestyret sitt vedtak, ser eg ikkje nokon grunn til å senda inn utfylt spørjeskjema.

Til orientering legg eg ved ein kopi av rådmannen si saksutgreiing.

Dersom departementet ønskjer kommunestyret sitt vedtak i elektronisk form, ber eg om melding (gjerne i form av ein e-post – kristian.grutle@bomlo.kommune.no).

Med helsing
BØMLO KOMMUNE



Kristian Grutle
forvaltningssjef

VEDLEGG



Dato: 04.10.2006
Arkivref: 2006/1325-
17969/2006 / 200

Saksbehandlar: Kristian Grutle
53 42 30 63
kristian.grutle@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bømlo kommune vil på noverande tidspunkt rå frå at banda mellom staten og den norske folkekyrkja vert rivne av.

Kommunen går likevel inn for reformer i statskyrkjemodellen, slik at kyrkja sine eigne organ får meir ansvar og avgjerdsrett. Kommunen viser her til svara på motteke spørjeskjema.

Dokument i saka:

1. NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke
2. Samandrag av NOU 2006:2
3. Rundskriv frå Kultur- og kyrkjedepartementet dagsett 24.04.06
4. Samledokument med departementet sitt rundskriv, samandrag og spørsmålssliste
5. Høyringsfråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd
6. Brev frå Human-Etisk Forbund, dagsett 26.06.06

Bakgrunn for saka:

Eit offentleg utval som har hatt til oppgåve å vurdere det framtidige tilhøvet mellom kyrkja og staten la fram innstillinga si som NOU 2006: "Staten og Den norske kirke". Heile innstillinga, som er svært omfattande, kan lesast på Internett <http://www.dep.no/kkd/norsk/dok/hoering/bn.html> (det er faktisk mykje enklare å gå inn på www.norge.no, velja *Departementene*, og deretter *Kultur- og kyrkjedepartementet*. I venstremenyen vil ein då under *Dokumenter* finna *Høringar*.)

Både NOUen og eit samandrag er også tilgjengeleg frå lenker på kommunen sine nettsider. På nettsidene er også tilgjengeleg ein PowerPoint-presentasjon som vart nytta som informasjon på eit fellesmøte mellom formannskapet og fellesrådet (meir om dette fellesmøtet nedanfor).

Kyrkjeministeren, statsråd Trond Giske har i brev til kommunane bede om at det vert lagt til rette for ei omfattande drøfting av innstillinga.

I samsvar med oppmodinga frå statsråden, kalla ordføraren inn til eit fellesmøte 19.09.06 mellom formannskapet og Bømlo kyrkjelege fellesråd. Føremålet med møtet var å få fram informasjon, utveksla synsmåtar og – om mogeleg – dra opp ein del føringar for dei vidare drøftingar om saka i lokalsamfunnet.

Som trykt vedlegg til denne saka vil ein finna eit samledokument med følgjande innhald:

- Brevet frå kyrkjeministeren
- Samandrag av innhaldet i NOU 2006:2
- Teksten i det spørjeskjemaet som er omtala i statsråden sitt brev

Vurderingar:

Hovudspørsmålet kommunen og kyrkja må ta stilling til, er om den tradisjonelle tilknytninga mellom stat og kyrkje (meir korrekt kanskje samfunn og kyrkje) skal vidareførast, eller om dette hopehavet skal oppløysast.

Dersom konklusjonen vert at tilknytninga mellom stat og kyrkje bør oppløysast, dukkar det opp ei heil rekke med prinsipielle og praktiske problem som vil krevja løysing. Her er nokre av dei:

1. Skal Noreg framleis ha ei folkekyrkje, og korleis skal denne i tilfelle organiserast?
 - lovforankra folkekyrkje (eiga lov om tilhøvet mellom folket og kyrkja)
 - sjølvstendig folkekyrkje (ein sjølvstendig organisasjon på linje med andre livssyns- og truomssamfunn)
 - andre løysingar

Ein tabell på s. 8 i samledokumentet gjev eit enkelt oversyn over dei ulike alternativa.

2. Korleis skal kyrkja finansierast i framtida?
3. Ny verdiparagraf i grunnlova?
4. Grunnlovfesting av ein statleg trus- og livssynspolitik?
5. Ansvar for kyrkjegardar (utvalet gjer framlegg om at desse skal skifta namn til gravplass eller gravlund) og drifta av desse?
6. Ansvar for freda og verneverdige kyrkjer?
7. Eigeomsretten til kyrkjelege fond og eigedommar?

Eg minner elles om at det i innstillinga ligg rimeleg mange dissensar. Eg trur at desse dissensane for svært mange vil utgjera viktige premissar for dei vidare drøftingane og kva konklusjonar ein til slutt kjem fram til.

Human-Etisk Forbund har i brev dagsett 26.06.06 oppmoda om at kommunane legg opp til ei brei lokal drøfting av saka før det vert teke stilling til kva ein lokalt skal meina om spørsmålet.

Så langt eg veit er det berre eitt av sokneråda i Bømlo som har ferdigbehandla saka, nemleg Bremnes sokneråd. Rådet har samrøystes gått inn for å halda på dagens ordning når det gjeld tilhøvet mellom kyrkja og staten, og at kyrkja bør vera forankra i Grunnlova.

Kyrkjeleg fellesråd skal drøfta saka i møte 17. oktober, slik at formannskapet han ha fellesrådet sitt vedtak på sitt bord når saka skal drøftast der.

Bjørgvin bispedømeråd har sendt følgjande høyringssvar til departementet:

Vi viser til tidlegare innsendt høyringssvar frå Bjørgvin bispedømeråd. Ved ein feil vart det ikkje markert at fråsegna er felles for bispedømerådet og biskopen i Bjørgvin.

Vi takkar for høvet til å gje fråsegn om tilhøvet mellom Staten og Den norske kyrkja. Vi er og takksame for det grundige arbeidet som er gjort i Gjønnnes-utvalet, og meiner at sjølv om mange ordningsspørsmål enno er uavklara, gjev utgreiinga eit tilstrekkeleg og godt grunnlag for å ta stilling i dei prinsipielle hovudspørsmåla i saka. 6 av medlemene i Bjørgvin bispedømeråd står samla bak høyringssvaret.

Medlemet Henny Koppen går primært inn for å halde på Statskyrkja etter noverande ordning. Om resultatet likevel vert ei kyrkje organisert tilnærma Gjønnnes-utvalet sitt alternativ 2, vil ho støtte innhaldet i dette høyringssvaret.

Fråsegna er delt inn etter dei ulike tema høyringa omfattar:

- Religionspolitikk og kyrkjeordning
- Staten sitt verdigrunnlag
- Finansiering og organisering
- Kyrkjebygga
- Demokrati og valordningar
- Gravferdsforvaltninga

Religionspolitikk og kyrkjeordning

Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømeråd deler fleirtalet i Gjønnnes-utvalet si tilråding om å endre tilhøvet mellom Staten og Den norske kyrkja. Hovudargumentet for dette er behovet for å understreke religionsfridomen, samt omsynet til Den norske kyrkja som sjølvstendig trussamfunn.

Vi vil stø fleirtalet i utvalet sitt framlegg om å etablere ei kyrkjeordning som er regulert med ei særlov for Den norske kyrkja. Ei slik særlov bør vere kortfatta og vise til kyrkja sitt sjølvstendige ansvar til å utforme ei eiga kyrkjeordning. Val av biskop og prostar vil stå sentralt i ei slik kyrkjeordning.

Høyringa om tilhøvet mellom Staten og Den norske kyrkja er ikkje ei sak om korleis dei indre tilhøva i kyrkja skal regulerast. Dette er ei politisk sak som vedkjem alle demokratisk valde organ i Noreg. Nasjonen sin religionspolitikk angår alle innbyggjarane i landet.

Etter vårt syn bør dei overordna prinsippa i trus- og livssynspolitikken vere:

1. Jamstelling mellom trus- og livssynsamfunn.
2. Trus- og livssynssamfunna (inkludert Den norske kyrkja) sin sjølvråderett når det gjeld spørsmål om leiarskap og lære.
3. Ein aktivt støttande statleg religionspolitikk.

Utan å svekke dei to andre overordna prinsippa, vil vi særleg peike på Den norske kyrkja som trussamfunn sin rett til å peike ut sine eigne leiarar, d.v.s. biskopar, utan statleg innblanding. Jf. Kyrkjemøtevedtak 16/00: "Kirkemøtet mener at utnevning av biskop prinsipielt hører inn under de oppgaver som tilligger organer som har sin basis i kirkelige valg. Utnevning av biskoper og proster bør derfor overføres til organ som har sin basis i kirkelige valg."

Denne retten er forankra i kyrkja si sjølvforståing og eigenart, men også i internasjonale menneskerettfråsegner som Noreg har slutta seg til, Jf. FN sin menneskerettskomite si

fråsegn (General comment nr. 22, 1993) om trussamfunn sin rett til å velja sine eigne leiarar, prestar, undervisningspersonell o.s.b.

Den noverande ordninga med politisk utnemning av biskopar, som økumenisk sett er ei særordning, kan vanskeleg sameinast med dette religionsfridomsprinsippet. Til støtte for den gjeldande ordninga har det vore argumentert for at utnemningsorganet kyrkjeleg statsråd er å forstå som eit kyrkjeleg organ. Men sjølv om dette kan vere formelt rett, er også kyrkjeleg statsråd, som Gjønnes-utvalet peikar på, i praksis eit politisk organ, sidan det er vald på politiske premissar og kviler på Stortinget, som ikkje er konfesjonsbunde.

Då utnemningsretten etter Grunnlova § 4 ikkje vil kunne delegerast til eit kyrkjeleg organ, føreset ei nyordning der kyrkja sjølv utnemner biskopane sine ei grunnlovsending, som vil ta bort sjølve grunnlaget for statskyrkjeordninga. I tråd med dette ser vi sentrale politikarar grunnje sitt standpunkt for statskyrkjeordninga, med at denne sikrar politisk kontroll med bispeutnemningane.

Vi kan såleis ikkje sjå det annleis enn at Den norske kyrkja sin rettkomne sjølvråderett i vesentlege trus og ordningsspørsmål ikkje let seg realisere innanfor ramma av statskyrkjeordninga. Jf. Sivertsen-utvalet sin konklusjon (NOU 1975:30): "Det er prinsipielt ikke riktig at et trossamfunn styres av Statsrådet gjennom et regjeringskontor."

Som det går fram av avkryssingssvara stør vi såleis konklusjonen til fleirtalet i Gjønnes-utvalet om at statskyrkjeordninga bør avviklast. Vi finn dette best i samsvar med prinsippa ovanfor, og trur ei slik nyordning vil leggje tilhøva betre til rette for ei offensiv, open og landsfemnande folkekyrkje, som kan tene Gud og folket og forhalde seg konstruktivt og kritisk til staten, utan at andre trus- og livssynssamfunn opplever at dei vert diskriminerte.

Bispedømerådsmedlemene har merka seg eit engasjement mellom folk. Formuleringar som "vi må halde på den kyrkja vi har" og "ta ikkje kyrkja frå oss" vert brukt. Dette tolkar vi positivt, og som eit vitnemål om den tette relasjonen vi har mellom kyrkja og folket i vårt bispedøme. Denne nærleiken må ikkje gå tapt i ei endra kyrkjeordning. Vi trur ikkje det vil skje. Tvert om kan ei ny kyrkjeordning opplevast nærare og meir forpliktande for den einskilde.

Ei lovforankra folkekyrkje vil vere sjølvstendig, men ho vil framleis stå i ein tett dialog med Staten. Gjennom eit formalisert tilhøve nedfelt i lovverket vil Staten aktivt kunne støtte folket sitt ynskje om å ha ei landsdekkjande kyrkje med kyrkjebygg og kyrkjeleg tilsette, som yter kyrkjelege handlingar og skipar til gudsteneste i nærleiken av der folk høyrer heime.

Av resonnementet vårt ovanfor kring leiarspørsmålet følgjer at ei særlov for Den norske kyrkja ikkje må regulere kyrkja si utnemning av eigne leiarar, men vere ei kortfatta rammelov som sikrar og tydeleggjer at om relasjonen til Staten vert annleis, så er Den norske kyrkja den same.

Staten sitt verdigrunnlag

Av vår prinsipielle ståstad i høve til kyrkjeordning følgjer det at §2 i Grunnlova må endrast. Vi ser det likevel slik at Staten må synleggjere sitt verdigrunnlag. Vi vil følgjeleg meine at Grunnlova må ha ein "verdiparagraf", som kan fungere som eit bogemerke for nasjonen. Ein slik verdiparagraf må kunne samle og skape identitet, og teikne eit sannferdig bilete av verdiar som har vore fellesnemnarar i det norske folket si

historie. Ein verdiparagraf nedfelt i Grunnlova må og vere slik at den kan leve i fleire generasjonar frametter.

Vi vil slutte oss til fleirtalet i Gjøannes-utvalet som tek til orde for følgjande verdiparagraf: "Alle Indvaanere av Riget have fri Religionsutøvelse. Den kristne og humanistiske Arv forbliver Statens Værdigrunnlag."

Finansiering og organisering

Ein overordna religionspolitikk der Staten aktivt skal støtte utøving av tru og deltaking i trus- og livssynssamfunna, vil innebere at det offentlege må yte midlar. Det er god tradisjon for dette i Noreg. Ei slik finansiering vil best sikre like økonomiske vilkår for gudstenesteliv og kyrkjelege handlingar uavhengig av kvar i landet ein høyrer heime eller den personlege økonomien til den som vil be om kyrkjelege handlingar. Vi vil til liks med fleirtalet (17 av 20) i Gjøannes-utvalet rå til at dagens offentlege finansieringsordning vert ført vidare.

Den offentlege utgreiinga (NOU 2006:2) omtalar berre i korte ordelag organisatoriske spørsmål i ei framtidig kyrkjeordning. Heller ikkje statsråden sitt brev om høyringa legg vekt på å drøfte slike spørsmål. Dette er spørsmål kyrkja må arbeide vidare med uavhengig av kyrkjeordning, og som er under utgreiing. Vi har synspunkt på dette, men finn det ikkje rett å gå inn på desse spørsmåla i denne samanhengen.

Utviklinga peiker mot ei meir sjølvstendig kyrkje i ei endra kyrkjeordning. Dette vil og få konsekvensar for finansiering av kyrkja si verksemd. Utifrå prinsippet om ein aktiv støttande religionspolitikk frå Staten, legg vi til grunn at kyrkja i vesentleg grad vert finansiert av det offentlege. Like fullt ser vi at ansvar og initiativ i større grad må kome frå dei lokale kyrkjelege organa, og dermed frå kyrkjemedlemene sjølve.

Vi vil derfor foreslå at det vert opna for å nytte medlemsavgift i tillegg til den offentlege finansieringa for å styrke det lokale kyrkjelege tilbodet.

Kyrkjebygga

Dagens kyrkjeordning er slik at lokalsamfunnet (kommunen) har ansvaret for å bygge og vedlikehalde kyrkjene, medan Kongen (i praksis Staten) har ansvaret for å syte for prestar. Etter vår meining skal soknet framleis ha eigedomsretten for kyrkjebygga. Dette samsvarer med innarbeidd tradisjon og sokna si stilling som grunneining i kyrkja.

Fleirtalet i Gjøannes-utvalet gjer framlegg om sterkare statleg finansiering av freda og verneverdige kyrkjer, og vurderer statleg overtaking av eigarskap for i alle fall dei kyrkjene som ikkje fungerer som soknekyrkjer. Vi vil støtte dette. Bjørgvin bispedøme har fleire middelalderkyrkjer som er svært viktige med tanke på å dokumentere den tidlege historia om kristendomen i Noreg. Dette gjeld Bergen by og fleire andre kyrkjer på kysten og inne i fjordane. Vår erfaring er at dagens finansiering ikkje er tilstrekkeleg til å setje fellesråda i stand til å ta ansvaret for slike kyrkjer. Vi stør derfor utvalet sitt fleirtal om å vurdere både finansiering og eigarskap for desse kyrkjene.

Demokrati og valordningar

Det demokratiske innslaget i kyrkja er uttrykk for ei kyrkjeordning der lekfolket er engasjert i og tek ansvar for si eiga kyrkje. Leiaransvaret lokalt, regionalt eller sentralt skal ikkje åleine kvile på prestskapet/biskopane eller administrative einingar. Sidan Kyrkjemøtet vart lovfesta i 1984, har kyrkjelova av 1996 og den generelle utviklinga styrka dette demokratiet. Gjøannes-utvalet har drøfta spørsmål knytt til valordningane, men fleirtalet i utvalet (16 av 20) omtalar dette som "en internkirkelig utfordring".

Følgjeleg ligg det ikkje føre konkrete framlegg til endringar i valordningane. Mindretalet på 4 tek til orde for ein kombinasjon av indirekte og direkte val.

Dei fleste trussamfunn har sentralkyrkjelege møte, som i hovudsak består av utsendingar frå dei lokale kyrkjelydane/forsamlingane. Ei slik "synodal" oppbygging har også Den norske kyrkja. Dette gjev seg uttrykk i at noko av det første nye sokneråd gjer, er å velje representantar i det regionale organet (bispedømeråd), som også er utsendingar til kyrkja sitt sentrale organ Kyrkjemøtet (cf. synode). Kyrkjerådet vert vald av Kyrkjemøtet, med mandat til å utføre det Kyrkjemøtet avgjer.

Vi vil meine at ein slik synodal kyrkjeforståing må ligge til grunn også for ei lovforankra kyrkje. Kyrkjeordninga tar ikkje utgangspunkt i enkeltindividet, men i det lokale kyrkjelydsfellesskapet. Dette kjem til uttrykk ved at soknet er grunneininga i Den norske kyrkja. Sjølv om det er grunn til å styrke deltakinga ved kyrkjelege val, kan ikkje dette åleine vere grunnlag for å erstatte dagens valordning fullstendig med direkte val, slik enkelte meiner.

Det har vist seg at tilhøvet mellom sokneråd og særskilt store fellesråd kan vere utfordrande. Avstanden mellom eit stort fellesråd med finansiering og tilsetjingsmynde og eit enkelt sokneråd kan verte for stor. Ei ny kyrkjeordning bør styrke soknet si stilling, og Vi vil følgjeleg ikkje rå til at fellesråd vert valde ved direkte val. Dette vil kunne forsterke avstanden mellom sokneråd og fellesråd.

Gravferdsforvaltninga

Vi tek utgangspunkt i at gravferdstenestene må vere eit offentleg ansvar. Dette samsvarer med at nasjonen har eit offentleg regulert helsevesen.

Det offentlege organet Staten vel som ansvarleg for desse tenestene må ha stor tillit blant innbyggjarane i landet, uavhengig av tru og livssyn. Gravferdstenestene krev høg kompetanse på sorg og krise. Folk har sterke kjensler for gravlunden og gravene ein har ansvar for. Dette inneber at ansvarleg organ også må ha kompetanse som kan sikre verdige tilhøve på bygg og anlegg.

Dei aktuelle offentlege aktørane til å ta ansvar for gravferdstenestene vil etter vårt skjønn vere kommunen eller Den norske kyrkja. Det er gode prinsipielle argument for at kommunen bør ha dette ansvaret. Kommunen er i utgangspunktet nøytral i høve til tru og livssyn. Men kommunen er og ansvarleg for å yte dei tenestene innbyggjarane ber om. Statistikken fortel at 94% av alle gravferdstenester vert utført av Den norske kyrkja. Her vil ein vege mellom eit prinsipielt syn, sett opp mot dei faktiske tilhøva for gravferdstenestene.

Mange stader i Bjørgvin er kyrkjebygget og gravstaden nært knytt saman i eitt anlegg. Vår erfaring er at dei kyrkjelege fellesråda forvaltar det heilskaplege ansvaret for gravene og kyrkjebygget på ein verdig og god måte. Biskopen i Bjørgvin kan gjennom talrike visitasar fortelje om god betring i standarden på dei lokale anlegga knytt til gravferdstenestene.

Gjennom dei 10 siste åra har dei kyrkjelege fellesråda hatt primæransvaret for gravferdsforvaltninga. Vi har tillit til at dei kyrkjelege fellesråda også i framtida vil evne å tilby gode gravferdstenester for alle innbyggjarane, og vil rå til at Den norske kyrkja framleis har dette ansvaret.

Vi vil særleg vise til erfaringane i Bergen. Kyrkjeleg fellesråd har fornya organisasjonen og styrka kompetansen hos dei som forvaltar tenestene. Det kyrkjelege fellesrådet i Bergen har vist seg kapable til å utføre ei oppgåve på vegner av alle innbyggjarane i byen, uavhengig av tru og livssyn. Undersøkingar viser at folk er godt nøgde med gravferdstenestene som vert ytt. Men også i noverande ordningar ser vi utfordringar som må takast fatt i uavhengig av kyrkjeordning. I særleg grad gjeld dette å kunne tilby lokale som er betre tilpassa dei ulike religiøse seremoniane.

Det bør ikkje by på problem å bruke den meir nøytrale nemninga ”gravlund” (i staden for kyrkjegard), og å skilje klart ut det som er vigsla jord. Dette for å understreke at gravstaden tilhøyrer alle innbyggjarane.

Spørsmålet om skilje mellom stat og kyrkje vart også drøfta i kommunen i 1976, også den gongen på bakgrunn av eit utgreiing frå eit off. utval – det såkalla Sivertsen-utvalet.

Kommunestyret gjorde den gongen følgjande vedtak:

1. Bømlo kommunestyre vil ikkje gå inn for eit skilje mellom kyrkje og stat på noverande tidspunkt.
2. Når det gjeld dei ulike framlegga om reformer innafor det noverande statskyrkjesystemet, og dei endringar som ev. må gjerast ved overgang til ei fri folkekyrkje, viser kommunestyret til tilrådinga frå eit kommunalt utval.

Vedtaket var ikkje samrøystes. Eit mindretal på ni (av 39) gjekk – rett nok med noko ulike utgangspunkt – inn for eit skilje mellom stat og kyrkje (slik fleirtalet i Sivertsen-utvalet også gjekk inn for).

Det viste seg at kommunestyret var i godt selskap. Eit overveldande fleirtal mellom høyringsinstansane avviste Sivertsen-utvalet sitt framlegg, og gjekk inn for å oppretthalda gjeldande statskyrkjemodell – for dei fleste likevel under føresetnad av vesentlege reformer i tilhøvet mellom stat og kyrkje. Stortinget slutta seg til dette i 1980.

Rådmannen har vore i sterk tvil om det vil vera rett at administrasjonen flaggar sitt syn på ei sak som dette, og gje formannskapet råd om kva dei på vegne av lokalsamfunnet skal meina om spørsmålet.

Men ettersom ordføraren har gjeve klårt uttrykk for at han også i denne saka ønskjer eit framlegg til vedtak frå rådmannen, vil me følgja opp dette.

Når det gjeld det derimot gjeld spørjeskjemaet som kyrkjeministeren har sendt ut, ser ikkje rådmannen at det er rett at administrasjonen kjem med framlegg til svar på dette. Eg legg her til grunn at formannskapet sjølv – i møte eller på annan måte – svarar på statsråden sine spørsmål.

I sine vurderingar og konklusjonar vil rådmannen prøva å sjå spørsmålet ut frå kommunen og lokalsamfunnet sine interesser og tona ned personlege synsmåtar og haldningar.

Det er ikkje vanskeleg – på eit prinsipielt og teologisk grunnlag – å koma til same konklusjonar som Gjønnnes-utvalet (og Sivertsen-utvalet tidlegare) om å avvikla statskyrkjesystemet og løysa banda mellom saten og kyrkja.

På den andre sida bør den tusenårige tradisjonen med sterke band mellom samfunn og kyrkje (av desse mest 500 år med ei luthersk statskyrkje) vera eit tungt argument for ikkje å ta lett på spørsmålet om folkekyrkja si framtid. Me veit kva me har, me veit ikkje korleis ei såkalla "fri folkekyrkje" vil utvikla seg. Berre framtida kan gje svar på kva konsekvensar dette vil få.

For lokalsamfunnet har den historiske kyrkjemodellen vore ei god ordning, ei ordning som også prinsipielle statskyrkjemotstandarar kan sjå som positiv og tenleg.

At Noreg er i ferd med å verta – og i visse område av landet også er – eit fleirkulturelt og fleirreligiøst samfunn, er eit viktig argument for skilje mellom stat og kyrkje. Etter mi meining er likevel dette argumentet ikkje sterkt nok til at me skal riva over tusen års sterke band.

Gjønnes-utvalet tek i sin rapport opp ei rekke andre spørsmål som går på tilhøvet mellom samfunn og kyrkje, m.a.

- Staten sitt verdigrunnlag
- Finansiering og organisering
- Kyrkjebygga
- Demokrati og valordningar
- Gravferdsforvaltninga

På desse områda vil rådmannen visa til høyringsfråsegna frå Bjørgvin bispedømeråd. Det bør ikkje vera særleg problematisk for kommunen å ta utgangspunkt i rådet sine konklusjonar når ein skal svra på det spørjeskjemaet departementet har sendt ut.

Fråsegn frå eldrerådet:

Eldrerådet ønskjer ikkje å uttala seg om denne saka.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje aktuelt.

Miljømessige konsekvensar:

Ikkje aktuelt.

Oppsummering og konklusjon:

- Prinsipielt vil nok dei fleste i dag hevda at ei statskyrkje er i strid både med religionsfridom og menneskerettar, og det er knapt nokon som ville innføra ei slik ordning i dag (det er likevel eit paradoks at fleire andre religionar hevdar eit vesentleg sterkare band mellom stat og religion – og samfunn og religion – enn det som nokon gong har vore tilfelle i kristne land)
- Kommunen bør derfor ha full forståing for at fleirtalet i Gjønnes-utvalet har kome fram til at hopehavet mellom kyrkje og stat bør avviklast.
- Den norske folkekyrkjemodellen har likevel gjennom meir enn tusen år vore til velsigning for både land og folk, og me bør ha svært sterke grunnar for å skjæra av desse banda.
- Rådmannen er derfor komen til at det vil vera feil å avvikla den historiske folkekyrkja på noverande tidspunkt. Tida bør likevel vera inne for rimeleg omfattande endringar i gjeldande ordningar, m.a. ved å overføra endå meir styringsrett til kyrkja sine eigne organ.
- Rådmannen legg til grunn at formannskapet sjølv svarar på dei spørsmål som står på kyrkjeministeren sitt spørjeskjema. Høyringsfråsegna frå bispedømerådet bør vera eit grunnlag for kommunen sine svar på spørsmåla 4 – 8.

VEDLEGG